



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato: 19.04.2023
Vår ref: 23/01730-2
Deres ref: 23/14 - 23/5714

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av planprogram til kommunedelplan for kulturmiljø, Osterøy kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 10. mars 2023.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Osterøy kommune har lagt ut planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø til offentleg ettersyn. Arbeidet med kulturmiljøplanen har som mål å utvikle og samordne strategiar for korleis kommunen ønskjer å møte utfordringane under ei berekraftig forvaltning av kulturarven. Arbeidet med kommunedelplan for kulturmiljø vil gå føre seg parallelt med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Fråsegn frå DMF

Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ei langsiktig forvaltning av desse ressursane er difor viktig. Dersom ressursane blir bygd ned eller gjort utilgjengeleg på anna vis, er dei i mange tilfelle utilgjengeleg i overskodelig framtid. Mineralressursar representerer store verdiar og utvinning av denne typen ressursar gjev grunnlag for næringsliv som vidareforedlar produkt frå råstoffutvinning.

Bergrettar og gamle gruver

Av DMF sitt kartinnsyn, går det fram at det er tildelt 4 undersøkingsrettar i Osterøy kommune¹. Ein undersøkingsrett er rett til naudsynte undersøkingar på eit bestemt område for å vurdere om mineralførekomsten kan vere drivverdig. Innehavaren av

¹ DMF kartinnsyn – bergrettigheter og aktsomhetskart for gamle gruver



retten har rett til å undersøke etter og søke utvinningsløyve på alle førekomstar av staten sitt mineral innanfor undersøkingsområdet. Meir informasjon om bergrettar finnast på vår heimeside².

Innanfor same område som undersøkingsrettane er det og registrert gruveopningar med tilhøyrande aktsemdssonar for Hosanger Nikkelgruver og Litland gruver i DMF sitt «Aktsemdskart» for gamle gruver. I kartlaget «Rapporter» i DMF sitt kartinnsyn, ligg det og digitaliserte rapportar og eldre gruvekart, dersom dette kan vere til nytte i planarbeidet. Her er det og rapportar frå Skaftå kalkgruver.

Litland gruver og Skaftå kalkgruver er registrert som kulturminne i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase. DMF oppmodar kommunen til å vurdere om kulturmiljøplanen og skal omhande den historiske betydinga gruveverksemda har hatt for kulturmiljøet i Osterøy.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:

Osterøy kommune

Postboks 1

5293 LONEVÅG

Kopi til:

² DMF bergrettar: <https://dirmin.no/bergrettigheter>